

Til: Instituttstyret

Fra: Instituttleder

Sakstype: O-sak

Møtesaksnr.: O-6

Møtenr.: 2/2014

Møtedato: 31.03.14

Notatdato: 14.03.14

Arkivsaksnr.:

Saksbehandler: Åse Wetås NO 2014

Prosjektet Norsk Ordbok 2014 i avslutningsfasen

Innleiing

Prosjektorganisasjonen Norsk Ordbok 2014 skal etter planen leggjast ned til 1. mars 2015. Den gjeldande produksjonsplanen legg opp til at band 12 av ordboksverket skal sendast over til forlaget i desember 2014, og etter det vil tida fram til utgangen av februar 2015 gå med til å følgja manuset fram til publisering og til å gjera det naudsynte oppryddings- og avslutningsarbeidet i prosjektet. Dette notatet tek opp stoda for prosjektorganisasjonen per 1. mars 2014 og gjer greie for risikofaktorar knytte til ferdigstillinga av ordboksverket.

Personalsituasjonen våren 2014

I mars 2014 er 29 medarbeidarar knytte til redaksjonen i forskarstillingar. Éin av desse er Ph.D.-stipendiat og arbeider fram til juli 2014 25 % for NO 2014. Ein annan arbeider i eit engasjement som går fram til 31. mai 2014. To av forskarane prosjektet rår over, er fast tilsette professorar ved ILN. To andre medarbeidarar (éin av dei professor) skal etter prosjektslutt etter planen attende til ILN. Fire av forskarane har arbeidsplassane sine ved NTNU i Trondheim, men også desse medarbeidarane er tilsette ved UiO.

Av dei 24 forskarane som har blitt tilsette i prosjektperioden og som ikkje skal tilbakeførast til ILN ved prosjektslutt, har 23 utvida rettar etter tenestemannslova. I februar og mars 2014 har alle medarbeidarane i NO 2014 vore gjennom kartleggingssamtalar med HF's personalavdeling, for kartlegging av kompetanse og for rettleiing i jobbsøking. I løpet av våren får samtlege av desse medarbeidarane varsel om oppseiing. Sjølve oppseiinga kjem seks månader før planlagd prosjektslutt. Fordi endeleg tilsegn om statstilskott for 2015 ikkje kjem før ved salderinga av statsbudsjettet hausten 2014, arbeider HF inntil vidare ut frå at sluttidspunktet for prosjektet er 31.12.14. Det inneber at dei tilsette får oppseiingane sine innan utgangen av juni 2014 og at prosjektet i verste fall kan stå utan medarbeidarar dei to siste driftsmånadene. ILN har teke opp dette spørsmålet med Kulturdepartementet og bede om ei endeleg stadfesting på at KUD yter lønsmidlar til dei prosjektilsette i januar og februar 2015.



Også den administrative staben (prosjektleder og fire administrativt tilsette medarbeidarar) skal seiest opp med same varslingsfristar som dei vitenskapleg tilsette. Alle dei fem medarbeidarane i administrative stillingskodar har vore tilsette i meir enn fire år, og har dermed utvida rettar etter tenestemannslova.

Slutføringa av prosjektarbeidet

For slutføringa av prosjektet er den store risikofaktoren tap av redaksjonell arbeidskraft før manuskriptet til band 12 er ferdigstilt. Situasjonen nå er at svært mange av dei tilsette søker anna arbeid. Somme har fått tilbod om intervju til ledige stillingar ved UiO medan andre søker arbeid utanfor universitetet. Arbeidsgjevar har etter lov- og avtaleverk plikt til å kartleggja alternative arbeidsoppgåver ved institusjonen før medarbeidarar kan seiest opp som overtallige. Det inneber at medarbeidarar frå NO 2014 vil kunna bli omplasserte til andre stillingar ved UiO før prosjektet er fullført.

Prosjektet har alt i dag medarbeidarar som har fått tilbod om nytt arbeid utanfor prosjektet. Desse har ordinær oppseiingstid (3 månader) og vil ikkje kunna bidra til fullføringa av band 12. For kvar forskar prosjektet mister vil produksjonsfarten gå ned. Dersom verket skal gjerast ferdig, inneber tap av medarbeidarar at produksjonstida på bandet blir forlenga. Den mest nærliggjande måten å løysa dette på, er at dei redaksjonelle månadsverka som blir ståande ledige, blir fordelte på den attverande staben. Då må stillingane deira i prosjektet bli tilsvarende forlenga.

Drifta i 2015

I søknad om statstilskot for 2015 frå Norsk Ordbok 2014 til Kulturdepartementet er det søkt om lønsmidlar til dekning av full stab dei to første månadene i 2015. Summen svarer til det talet på månadsverk som trengst for å fullføra arbeidet med band 12 av ordboka. Dersom prosjektet har færre tilsette forskarar i 2015 enn det er søkt om midlar til lønsdekning for, vil tomme månadsverk og tilhøyrande lønsmidlar kunna fordelast på attverande forskarar i organisasjonen vidare utover i 2015. Ei slik løysing vil innebera behov for dekning av indirekte kostnader og utvida løyving til drift for den aktuelle perioden.

Prosjektet har ikkje kunna søkja om dekning av lønskostnader for den administrative staben etter planlagd prosjektslutt. Det inneber at organisasjonen ved ei prosjektforlenging ut over 1. mars 2015 ikkje har lønsmidlar til administrativ stab. Både denne risikofaktoren og det at medarbeidarane i prosjektadministrasjonen kan forsvinna til andre stillingar før prosjektslutt, må det planleggast for å handtera.

Prosjektressursane

Ved prosjektslutt vil ILN som prosjekteigar overta ansvaret for forskingsressursane og produkta som er utvikla i prosjektperioden. I tillegg har prosjektet boksamlingar, inventar, teknisk utstyr osv. som ILN overtek ved prosjektslutt. Alt som ligg av avtalar i prosjektet, m.a. avtalar med rettshavarar til tekstsamlingar som er digitalt tilgjengeleggjorde i prosjektperioden (dette gjeld både tekst i Nynorskorpuset og i Ordbokshotellet), treng ein gjennomgang ved nedlegginga av organisasjonen og overføringa til ILN.

NO 2014 sender ILN eit eige notat om permanent drift og vedlikehald av sjølve ordboksprodukta, men varslar samstundes om at det må arbeidast fram ein plan for handtering av alt som gjeld materielle og immaterielle ressursar prosjektet i dag rår over.

Oppsummering og avsluttande kommentarar

- Redaktørane i Norsk Ordbok er forskarar med svært spesialiserte arbeidsoppgåver. Arbeidsoppgåvene deira i prosjektet er meritterande etter UiOs reglar for forskingsarbeid, og forskarane har alle gått gjennom eittårig redaksjonell opplæring for å kunna utføra arbeidsoppgåvene sine i tråd med prosjektets kvalitative og kvantitative mål. Fordi opplæringstida i redaksjonen er lang og ressurskrevjande vil det ikkje vera kostnadssvarande å ta inn nye redaksjonsassistentar i opplæring på tampen av prosjektperioden. Ved tap av redaksjonelle medarbeidarar i 2014 vil det beste og minst kostnadskrevjande alternativet vera å forlenga kontraktane til forskarane som framleis er att, dersom ambisjonen er å fullføra ordboksverket.
 - I ein situasjon der prosjektet for skuld tap av medarbeidarar ikkje er fullført innan 1.3.2015, vil det ikkje vera midlar til å løna attverande administrativt tilsette medarbeidarar. Dette vil det bli viktig å finna ei løysing på dersom prosjektet ikkje kan fullførast til avtalt tid.
 - Det må i god tid før prosjektslutt lagast ein plan for korleis forskingsprodukta (ordboksbasen, nettordboka), forskingsinfrastrukturen (materialsamlingar etc.) og eignelutane i prosjektorganisasjonen skal ivaretakast etter prosjektslutt i 2015.
-